

## **Referat frå FAU-møtet tysdag 09.11.2021**

Desse møtte: Hans Kristian Nordgaard-Tveit, Camilla Haugstøyl, Pål Arne Haugsjå, Kjellfrid Homdrom, Arnar Vågen, Anne Britt Setane, Kim Jørgen Berntsen, Herdis Gautefald, Julia T. Vik, Even Holskar, Anne Karin Grimstveit.

### **Sak 1. Informasjon frå rektor:**

- **Status utviklingsarbeid på skulen**  
Fokus: fagfornying. Arbeidast med lokalt og au i samarbeid med dei andre kommunane i Vest-Telemark. Viktig med innverknad frå elevane, i form av utviklingssamtaler og liknande.  
Universitetet i Sør-Øst Norge bruker vår skule i eit prosjekt innanfor feltet.
- **Nasjonale prøver – hausten 2021**  
Alle med unntak av to elevar har gjennomført prøvene. Venter på resultat.
- **Covid-19 situasjonen**  
Grønt nivå. Ingen begrensningar. Veldig viktig med god handhygiene.  
Har beredskap klar om situasjonen eskalerer igjen.
- **Evaluering av «Sterk og klar»**  
Foredrag om utfordringar knytt til rus/alkohol. For foreldre i 8.klasse, og elevar i 9. og 10. klasse. Fekk därlege tilbakemeldingar frå foreldre på ein av foredragshaldarane om uheldig omstende rundt denne personen, noko som øydetra for eit elles veldig bra program. Då det vart satt opp nytt foredrag med ny foredragshaldar møtte kun to foreldre. Rektor ynskjer ei meining frå FAU om det skal arrangerast fleire foredrag.
- **Plan for heim-skulesamarbeid**  
Arbeider videre med å forsterke samarbeidet.
- **Open skule og aktivitetsveka**  
Open skule: Litt därleg oppmøte frå foreldra. Sendt ut ei undersøking som foreldre bør svare på. Kanskje betre å arrangere dette på kveldstid då fleire har anledning til å kome. Dette skal evaluerast til neste gong.  
Aktivitetsveka: Fokusset er trivsel. Ulike aktivitetar heile veka. Ungdomsskuleelelevane overnatta på skulen, noko som var veldig moro.
- **Informasjon om budsjett 2022**  
Stor sett likt som for 2021. Det er søkt om midler til diverse IKT-utstyr, og fått en del penger til dette.
- **Skulebygningane**  
Her er det ingen framgang, og det er hos Teknisk drift det stopper opp. 300.000,- står klar til kartlegging. Rektor set pris på at FAU engasjerer seg. Fleire foreldre, samt einingsleiar har meldt si bekymring. Me må bare fortsette å presse på.
- **Joleball**  
Blir 16.12. Samarbeid mellom foreldre og skule. Meir info kjem.

## **Sak 2. Gjennomgang av referat frå sist møte**

Referat ok.

## **Sak 3. Skulebygningane**

Leiar, Magne Andre, sendte den 14.10. brev til kommunen på vegne av FAU, ang handlingsplan og framdriftsplan rundt skulen bygningsmasse. Det har ennå ikkje kome svar. Saken er derfor tatt videre til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark. Fleire foreldre og au einingsleiar har meldt si bekymring. Politikarane er au på banen. Avisa TA ynskjer å lage ein reportasje på saka, noko som det er litt delte meininger om i FAU. Me ventar på å høre frå Statsforvaltaren.

## **Sak 4. Skuletur**

Skal det vere med ein lærar på tur? Blei einige om at dette blir opp til kvar enkelt klasse å avgjere.

## **Sak 5. Joleball**

Ingen frå 10. klasse var representert, derfor vart ikkje dette diskutert.

## **Sak 6. 17.mai-gruppe og rutine for samarbeid med skulen**

7. klasse tek dette på eige møte.

## **Sak 7. Eventuelt**

- Alt for dårleg oppmøte på FAU-møta. Har du sagt ja til å vere foreldrerepresentant så forpliktar det, og alle bør prioritere å reise på møta. Kanskje ein idé at kvar klasse vel ein vara for foreldrerepresentantane, som kan møte dersom det er sjukdom og liknande.
- Flytte møtet til ein anna dato dersom veldig få kan møte?
- Foredraget «Sterk og klar»: FAU ynskjer at dette satsast vidare på, då det er svært viktige tema og det vert gode samtalar/diskusjonar.
- Foredraget «Delbart»: Me slår eit slag for dette også. Foredrag utvikla av KRIPOS om ulovleg deling av biletar på nett og seksuelle overgrep. Foredraget blir halde av politifyrstebetjent Marie Kornmo Enger den 18.11. for 8. klasseforeldre (evt. 9. og 10. klasse)
- Ynskje frå FAU til skuleadministrasjonen om å slå saman fleire mindre møter/foredrag til større/lengre møter, slik at det ikkje blir så mange å reise på.

**Neste FAU-møte er 10.01.2022**

Referent: Kjellfrid Homdrom